

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Årdal kommune - Rådhuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>20.06.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>11:00 – 16:15</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:** **Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:** **Svein Hågård**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Sigurd Reksnes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 75/18 vart handsama til slutt. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår av møteboka.

**Munnlege orienteringar:**

1. Forskingsdirektør Johannes Aalbu ved Hydro orienterte om bærekraftig utvikling og satsingsområde for Hydro. Presentasjonen er journalført i ESA 18/6910.
2. Harald Husabø i BDO Norge orienterte om teknologi- og innovasjonsselskapet SITEP AS. Presentasjonen er journalført i ESA 18/6910.
3. Dagleg leiar ved Sogn Opplæringskontor, Anne Kauppi, orienterte om verksemda. Presentasjonen er journalført i ESA 18/6910
4. Fabrikksjef ved Norsun i Årdal, Steinar Talle, orienterte om fabrikk og ekspansjonsplanane. Presentasjonen er journalført i ESA 18/6910 Fylkesutvalet var deretter på omvising på fabrikk.
5. Leiar i Nasjonal Rassikringsgruppe, Åshild Kjelsnes, orienterte om den nye målsetjinga til rassikringsgruppa med utgangspunkt i ein presentasjon som er journalført i ESA 18/6910-1.
6. Fylkesordføraren orienterte om eit ledig styreverv i Euromontana (European association of mountain areas). Fylkesutvalet avgjorde at Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kandidat til det ledige vervet bør kome frå Vestlandsforskning.

7. Fylkesrådmannen orienterte om nytt opplæringsfartøy og at administrasjonen jobbar vidare med den løysinga som vart presentert på politikardagen 30. mai. Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til dette.
8. På bakgrunn av fylkestinget sitt vedtak i sak 30/18 (tertiarapport 1/18) om investeringsstøtte til fire idrettsanlegg, informerte fylkesrådmannen om at han føreset at han ikkje skal følgje opp fylkesutvalet sitt vedtak i sak 61/18 om å vurdere ei ordning for tilskot til større idrettsanlegg. Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til dette.

**SAK 71/18      Regionreforma - Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå, fråsegn**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at Stortinget sitt oppmodingsvedtak av juni 2017 (Innst. 385 S 2016 2017), om overføring av oppgåver som SVV/sams vegadministrasjon utfører for fylkeskommunen, dvs. utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning, drift og vedlikehald, vert følgd opp.
2. Alle oppgåver som vert overført må fullfinansierast. Det er forventa at alle oppgåver, med unntak av driftskontraktane, vert gjort gjeldande frå og med 1. januar 2020.
3. Det er behov for å greie ut korleis overføringa av driftskontraktane skal gjennomførast. Fylkeskommunane må involverast i arbeidet for å sikre gode overgangsordningar og praktiske samarbeidsformer for driftskontraktar som går lengre enn 1. januar 2020. Det må overførast kompetanse og kapasitet til fylkeskommunane for utarbeiding av nye konkurransegrunnlag etter kvart som gjeldande kontraktar vert fasa ut. Kostnadseffektive kontraktar må sikrast gjennom eit samarbeid med SVV og fylkeskommunen.
4. Overføring av fylkesvegoppgåvene frå SVV/sams vegadministrasjon til fylkeskommunen er i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet: Det forvaltningsnivå som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve skal også ha ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
5. Det regionale folkevalde nivået vil få ein heilskapleg rolle som samfunns- og utviklingsaktør ved å sjå oppgåver og verkemiddel i samanheng. I tillegg kan det regionale folkevalde nivået ta eit meir heilskapleg ansvar ved at verkemidla vert samla i fylkeskommunen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i at det for nokre fagområde vil vere tenleg med nasjonale løysingar. Dette gjeld område med behov for nasjonal samordning og saker som ikkje skal vere ein del av regionalpolitiske vurderingar.
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er viktig at fylkeskommunane sjølv har ansvar for organisering og rekruttering av den kompetanse og kapasitet som er nødvendig for å løyse framtidige utfordringar på fylkesvegane, slik at overføringa kan gje grunnlag for effektiv organisering i tråd med regionale prioriteringar.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at overføring av oppgåver ikkje høyrer inn under reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova. Vi ventar at fylkeskommunane og KS vert involvert fullt ut i arbeidet med ei mogleg overføringslov for tilsette. Ein ev. slik lov må tilfredsstillе to behov:
  - a. Ivareta fylkeskommunen sitt behov for relevant kompetanse
  - b. Sikre at overtalige arbeidstakarar frå Statens vegvesen får arbeid.Lova må ikkje innehalde forpliktingar som medfører at fylkeskommunen får overført fleire enn det er behov for, eller arbeidstakarar med anna kompetanse enn det er behov for.
9. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som særskild viktig at staten overfører tilstrekkelege ressursar til fylkeskommunane til dekning av oppgåveoverføringa. Vi ber regjeringa om å gjere nye utrekningar av dei økonomiske konsekvensane der det også blir tatt tilstrekkeleg høgde for tal årsverk, andre driftskostnader og omstillingskostnader. Dei budsjettmessige konsekvensane må bli innarbeidd i fylkeskommunane sitt inntektssystem.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at det vert eit tett samarbeid mellom SVV fylkeskommunane – som likeverdige partar – i det vidare arbeidet med overføring av oppgåvene knytt til fylkesvegadministrasjon.

-----

**SAK 72/18 Forskottering av midlar til reguleringsplan for Atløysambandet**

**VEDTAK:**

1. Askvoll kommune får løyve til å forskottere midlar til arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet i 2018.
  2. Forskotterte midlar vil bli tilbakebetalt til kommunen i 2021.
  3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtalen med kommunen.
- 

**SAK 73/18 Fråvik. Fv. 575 Berleporten - søknad om fråvik belysning**

**VEDTAK:**

Det vert gjeve fråvik frå krav til belysning i fv. 575 Berleporten.

-----

**SAK 74/18 Høyring - ny forskrift om myndigheit mv etter kulturminnelova og overføring av andre oppgåver**

**Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementet sitt forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 01.01.20.
2. Fylkeskommunen føreset at overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar, og at dette vert synleggjort i kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Dette må følgjast vidare opp i fylkeskommunen sin økonomiske budsjettering og planlegging.
3. Det vil vere behov for å bygge opp kompetanse og bemanning i fylkeskommunen/ Vestland fylkeskommune for å ivareta dei nye oppgåvene.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til ny setning i pkt. 2:  
Fylkeskommunen meiner at eit tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for å handtere dei nye oppgåvene, vil vere ein heilt nødvendig føresetnad for å lukkast.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementet sitt forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 01.01.20.
2. Fylkeskommunen føreset at overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar, og at dette vert synleggjort i kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Dette må følgjast vidare opp i fylkeskommunen sin økonomiske budsjettering og planlegging. Fylkeskommunen meiner at eit tilstekteleg økonomisk grunnlag for å handtere dei nye oppgåvene, vil vere ein heilt nødvendig føresetnad for å lukkast.
3. Det vil vere behov for å bygge opp kompetanse og bemanning i fylkeskommunen/ Vestland fylkeskommune for å ivareta dei nye oppgåvene.

---

## **SAK 75/18      Skriv og meldingar fylkesutvalet 20. juni 2018.**

### **Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1:      Forvaltningsrevisjon - arkiv og offentlegheit - reglar og prosedyrar for lukking av møte i folkevalde organ
- 2:      Fleksibel skuleskyss, praktisering av vedtak om fleksibels skuleskyss
- 3:      Brev frå Flåm Guideservice AS: Angående søknad om løyvefritak for transportløyve Flåm Guideservice AS, datert 18. juni 2018.  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet tek stilling til søknaden frå Flåm Guideservice, og eventuelt søknaden frå Skaldegard AS, i fjernmøte 4. juli. Fylkesordføraren får fullmakt til å rette ein skriftleg førespurnad til Samferdsledepartementet for å etterlyse svar på klagen frå Skaldegard AS, som fylkesutvalet handsama som underinstans i møte 02.05.18.
- 4:      Vedtak i Hordaland fylkesting om etablering av yngleområde for gaupe i Hordaland fylke  
**Vedtak:**  
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane syner til brev frå rovviltnemnda i region 1 og til vedtak i Hordaland fylkesting, der fylkestinget ynskjer etablering av gaupe i Hordaland. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane støttar ikkje dette vedtaket. Etablering av gaupe i Hordaland vil og ha konsekvensar for Sogn og Fjordane som ikkje er akseptable. Det er allereie eit problem med jerv i beiteområda, og auka gaupebestand i nærliggande område vil gje auka tap av beitedyr til rovvilt. Fylkesutvalet syner til at Stortinget har vedteke at i region 1 skal beitedyr ha prioritet, og krev at denne statusen vert oppretthalden.

---

## **SAK 76/18      Vilkår for fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg**

### **VEDTAK:**

1. For utbetaling av fylkestinget sine løyvingar i sak 30/18 om tilskot til fotballhall i Flora, Arena Stryn, skyteanlegg i Fjalerhallen og klatreanlegg i Sognehallen, vert vilkåra i regelverket for spelemiddelfinansieringa lagt til grunn. I dette ligg m.a. at:
  - Prosjekta må vere dokumentert fullfinansierte.

- Dokumentasjon om rett til bruk av grunn og godkjend reguleringsplan for området må ligge føre – i dei tilfelle det er relevant.
2. Dei aktuelle tilsegna står ved lag i 3 – tre – år rekna frå tidspunktet for FT sitt vedtak.
  3. Fylkesrådmannen set nærare frist for rapport og rekneskap når realiseringa av det enkelte anlegget er avklara.

-----

**SAK 77/18 Sogn og Fjordane fylkeskommune krev full kompensasjon i ferjeavløysingsmidlar.**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Stortinget har no vedteke kompensasjon også for kapitalkostnader knytt til ferjeavløysingsmidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at kapitalkostnadene vert dekkja fullt ut. Slik ferjeavløysingsmidlane no er innretta, vil staten gå i pluss på alle prosjekt som kan finansierast på under 40 år. Då vil det bli heilt feil å legge kostnader på Fylkeskommunane som vegeigar.

Dei einskilde prosjekta bør også kunne vurdere brukarbetaling, då ferjene i dag allereie har billettinntekter. Den nye ordninga med autopass opnar for enklare handtering av brukarfinansiering, og ein bør då vurdere om også mindre prosjekt kan komme inn under ordninga.

Ved å nytte heile 40-års perioden som no ligg til grunn for ferjeavløysing, vil ein i løpet av denne perioden også ha midlar til å fullt ut dekke kapitalkostnader i mange samband.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Fylkesordføraren får fullmakt til å utforme ei fråsegn med utgangspunkt i dei innspela som kom fram i møtet.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesordføraren får fullmakt til å utforme ei fråsegn med utgangspunkt i dei innspela som kom fram i møtet.

-----